



# **FAGPLAN FOR TIME KULTURSKULE DANS**

## **1. Time kulturskule sin grunnmur, generell del**

### **1.1 Lovforankring**

Kulturskulen i Time komme er forankra i opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.»

### **1.2 Lokal organisering**

Time kulturskule er organisert under kommunaleining for oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske og kulturelle fag.

Skulen har fem ulike fagretningar med tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving.

Kulturskulen samarbeider med barnehage og grunnskule samt aktørar i det lokale kunst- og kulturlivet. Kulturskulen er arbeidsgjevar for dirigentar og instruktørar i skulekorpsa.

### **1.3 Visjon for Time kulturskule**

«Kulturskulen tilbyr barn og unge oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistre det»

## **1.4 Overordna mål**

Time kulturskule er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune. Kulturskulen gir barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst- og kulturfag. Verksemda bidreg til å løfte fram kunst og kultur som bærande element i det daglege liv og i samfunnsutviklinga generelt. Kulturskulen er eit ressurscenter for kunst- og kulturverksemd i lokalsamfunnet.

## **1.5 Pedagogisk plattform**

Både drift og undervisning i Time kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskoleråd 2015-16) og tilhøyrande nasjonal fagplan.

Time kulturskule gir tilpassa og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge busett i Time kommune.

Undervisninga gir rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdigheter.

Kulturskulen bidrar til barn og unge si danning, fremmer respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjer eigen identitet og utviklar eigen livskompetanse.

Undervisninga blir gitt som allmenndannande breiddetilbod innan kulturskulen sitt grunnprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Tilboda er individuelt tilpassa den enkelte elev.

## **1.6 Tildeling av elevplass**

Tildeling av elevplass skjer via elektronisk søknad. Søknadsfrist er 1. mai for komande skuleår.

Elevplass i kulturskulen er eit betalingstilbod med kontingent fastsett av kommunestyret.

## **1.7. Arbeidsavtalar, teieplikt, politiattest, pedagogisk ansvar, rapporteringslinje**

Lærarane i Time kulturskule er tilsett etter sentrale avtaleverk, men med lokalt utarbeidde personlege arbeidstidsavtalar.

Alle tilsette i Time kulturskule er pålagt teieplikt på lik linje med anna pedagogisk personale i kommunen.

Det er krav om politiattest for tilsetting. Dette gjeld også for arbeid knytt til frivillige organisasjonar som t.d. skulekorpsa.

Den enkelte lærar har, med forankring i nasjonal rammeplan og fagplan, det pedagogiske ansvaret for sin undervisning. Lærarane arbeidar i pedagogiske team. Administrasjonen har det overordna pedagogiske ansvaret

## 2. Rammefaktorar for undervisning i kulturskulen

### 2.1 Dans

Dansesal

Golv med svipt

Speilvegg

Barre

Avspillingsutstyr, musikkanlegg med høgtalarar

Eleven må sjølv kjøpe inn klede og sko etter rettleiing frå sin lærar

Eleven får ein fast timelærar

Undervisning i grupper a 9-18 elevar.

Tilbod om fordjupingsklasse i **improvisasjon/koreografi** i tillegg

Timeressurs varierar frå 45 minutt til 2 timar pr veke.

## 3. Fagplan

### 3.1 Dans

#### Overordna mål

Som dansar må ein klare å gi slipp på kvardagen sitt avgrensa bevegelses-mønster og tørre å sleppe seg fri. Det er viktig at eleven føler seg trygg og ivaretatt, og at det i dansen si verd ikkje finst begrensningar for kva kroppen kan klare å utføre.

For å skape en god og avslappet stemning i danseklassen, er det viktig å vise samhold og forståelse. Hver enkelt elev har ansvar for å respektere sine medelever og deres utfoldelse i dansetimen.

Overordna mål er at eleven skal tileigne og læra seg teknikkar til bruk i utøving av ballett og dans. Undervisninga skal gje elevane moglegheit for utvikle sitt kunstnariske potensiale og oppleve mestringskjensle, noko som gir sjølvrespekt og byggjer eleven sin karakter.

Vi ønskjer at eleven skal kunne bruke danseeigenskapen sin gjennom utøving og scenisk formidling gjennom dans. Eleven skal kunne fungere som ein ressurs i det lokale skule- og kulturlivet, til glede for seg sjølv og andre.

#### Undervisningstimen

Læraren møter i god tid og tek godt i mot eleven. Undervisningssituasjonen skal vera forutsigbar og trygg. Læraren motiverer og oppmuntrar til glede over mestrings, utøving og læring.

Timen skal innehalde både nytt og tidlegare gjennomgått undervisningsstoff. Eleven får tydeleg informasjon om kva ho/han skal arbeide med heime til neste time(**kan tas bort, da vi ikke hver uke snakker om dette i danseundervisningen pga gruppefag og annerledes opplegg.**). Det bør også vera tid til av tidlegare innøvd repertoar basert på meistringskjensle og danseglede.

Alle elevar skal få teknikkundervisning etter byggesteinsprinsippet der progresjonen er

tilpassa den enkelte gruppe og dei elevane som er i gruppa. Undervisninga skal bidra til styrking av evna til å kombinera musikalsk uttrykk og formidling av dans som kunstart. Læraren skal førebu eleven til å meistre sceniske opptredenar først i gruppe og seinare i form av mindre ensemble eller solodans.. Etter opptredenar skal læraren ta seg tid til å bearbeide arbeidsoppgåver og opplevingar frå ulike situasjonar i lag med eleven.

### **Mål:**

- Forbedra danseteknikk
- Halde liv i dansegleda
- Kunstnarisk utvikling
- Utfordre seg sjølv
- Hente/gi inspirasjon og korreksjonar fra/til medelevar
- Våge å kaste seg inn i ukjent terreng
- Formidle følelser gjennom bevegelse og uttrykk

### **Element i opplæringa**

Opplæringa vil ha ein naturleg progresjon med aukande vanskegrad tilrettelagd for den enkelte elev. Undervisninga skal ha ein naturleg kombinasjon av kjend stoff og nye utfordringar for vidareutvikling. Som dansar er det viktig å lære seg å gi slipp på kvardagsleg begrensing av mønster for kroppsleg bevegelse og det å kunne sleppe seg fri. I dansens verden finnest det ikkje begrensingar for kva kroppen kan gjere. Læraren skal til ein kvar tid legge til rette for at elevane skal føle seg trygge og godt ivaretatt. Det sosiale med å lære seg samhandling gjennom dansenes fellesskap er ein viktig del av læringsaspektet. Samhald, gjensidig respekt og forståing er avgjerande for å skape eit godt læringsmiljø i danseklassane.

### **Heimeoppgåver/øverutinar**

«**Øve, øve, jamt og trutt og tappert det er tingen**» Det å være elev i kulturskulen gir nokre forpliktingar for å få utbytte og framgang i læringsprosessar knytt til det å lære seg å danse. Aktiviteten skal være lystbetont, sosial og meiningsfull for alle som tar del i tilbodet. For å oppleve sjølve aktiviteten som gjevande over tid, er det viktig å oppleve mestring og utvikling - og for å lære seg noko nytt krevjast eigeninnsats med øving . Alle elevar oppmodast derfor til å trene og øve seg på gjennomgått stoff fra dansetimane i løpet av veka fram til neste undervisningstime.

### **Læraren sitt ansvar**

Vera godt førebudd, ha god kommunikasjon med elev og heim, stille krav som er realistiske og oppmuntre eleven til innsats og deltaking. Melde frå om behov for klede og utstyr samt musikkfiler for eventuelt(kan tas bort. ) heimearbeid. Rettleie tydeleg i kva og korleis eleven skal arbeide heime med eventuell øving/trening og oppgåver. Finne riktige roller til danseteknisk nivå og personlege eigenskaper ved framføring av større førestillingar. Stimulere til ulik form for både solo- og ensembledans. Stimulere til samarbeid om val av retning og målsetting for danseelevar på mellom- og vidaregåande nivå. arrangere informasjonsmøter ved semesterstart og –slutt.

### **Eleven sitt ansvar**

Møte til rett tidspunkt på timane, innarbeide gode øvingsrutinar, halde orden på beskjeder og bekleiding. Være førebudd til ny undervisningstime, følgje opp eventuelle heimeoppgåver og øving/trening. Ved fråvær skal ho/han gi beskjed til lærar. Elevar på mellom- og vidaregåande nivå skal ta del i val av repertoar (kan tas bort) og nedfelle mål for undervisninga etter initiativ frå og i samarbeid med sin lærar.

### **Foreldre/ føresette sitt ansvar**

Danseelevane bør ha tilgjengeleg golvplass og avspelingsutstyr for musikk heime. Foreldre/føresette bør hjelpe og oppmode eleven til å følgje opp og gjennomføring av eventuelle heimeoppgåver. ‘

Ved fråvær skal ein alltid gje beskjed til lærar eller kulturskulen sin administrasjon.

Dersom eleven møter vanskar eller særlege utfordringar, skal foreldre/føresette ta kontakt med lærar og/eller administrasjon for på ein god måte å finne løysning på dette.

Foreldre/føresette skal støtte opp om aktuelle arrangement i kulturskulen. Delta på trekant-/foreldresamtalar kvart skuleår. (kan tas bort) Delta aktivt på foreldremøter i løpet av året. Stille opp som positivt publikum ved opptredenar og førestillingar.

### **Nivå**

Elevar på same dansegruppe kan ha ei vis spreing i alder. Det viktigaste er å ha ei egal og velfungerande gruppe som mogleg. danselærarar deler elevane inn i grupper delvis etter alder og nivå, men også ut frå elevar som arbeider godt i lag eller har egne ønskjer om tidspunkt og grupper.

### **Rutinar og innhald i undervisningstimane – Jazzdans:**

Første del av danseklassen består av oppvarming og teknikkøvingar.

Elevane får her moglegheit til å forbetre sin personlege danseteknikk. Det vert nytta spel til eigen vurdering i samhandling med rettleiing og tilbakemeldingar frå lærar. Det er svært viktig at dei rette muskelgruppene blir varma opp og at kroppen er førebudd på den fysiske bruken som skjer i løpet av dansetimen. Det er viktig å førebygge skader og feil muskelbelastning.

elevane får vidare arbeide med trinn, ulike kombinasjonar og hopp over golvet i rette eller diagonale linjer i mindre grupperingar. Her er det fokus på ein munter og avslappa stemning samstundes med at det arbeidast med kvar einskild elev sin dansemessige og tekniske utvikling. Her får elevane også arbeide med eigen kreativitet og personleg uttrykk.

Elevane skal i løpet av danseklassen arbeide med koreografi.

Styrke og rørsletrening vil alltid vera ein del av undervisninga.

### **Jazz 1**

#### ***Hautsemester:***

Arbeid med grunnleggjande teknikktrinn og fokus på rett bruk av kropp og haldning.

Det vil vektleggjast uttrykk og det å vera til stade i rommet. Elevane får trening i å opptre for publikum ved at dei delast opp i grupper og både observerer og dansar for kvarandre. Stimulering til å finne fram til egne kreative evne. Elevane får utforske gjennom tydelege rammer for eige arbeid, samarbeid og gitte koreografi-oppgåver

***Vårsemester:***

Same fokus som hastsemester. Arbeid mot ein større førestilling. Førestillinga finn stad mot slutten av skuleåret. Ekstra koreografiarbeid, øving og vektlegging av sceneuttrykk vil da vera ein stor del av fokuset siste halvdel av semesteret.

**Jazz 2**

***Hautsemester:***

Elevane har no lært dei grunnleggjande trinna. Fokuset ligg no på vidareføring av dette. Meir fokus på teknikktraining og samansette kombinasjonar.

Det vil vektleggjast uttrykk og det å vera til stade i rommet. Elevane får trening i å opptre for publikum ved at dei delast opp i grupper og vekslar på å observere og å danse.

Eigne kreative evner får elevene utforske gjennom eige arbeid, samarbeid og koreografioppgåver.

***Vårsemester:***

Same fokus som hastsemesteret. Det arbeidast mot ein større førestilling. Førestillinga vil vera mot slutten av skuleåret. Ekstra koreografiarbeid, øving og vektlegging av sceneuttrykk vil da bli en stor del av fokus siste halvdel av semesteret.

**Jazz 3**

***Hautsemester:***

Fokus på teknikk og det å sjå den heilskaplege verdi i kvar bevegelse. Det vert til ein kvar tid arbeid med presisjon, dynamikk og uttrykk. Elevane er på eit høgare teknisk nivå og skal kunne førebu seg på ein eventuell vidare utdanning/utvikling innan dansefaget.

Publikumstraining ved å dele elevane i grupper der dei observerer kvarandre. Elevene vil også arbeide med fleire samansette kombinasjonar over golv og samtidig utforske ulike uttrykk.

***Vårsemester:***

Same fokus som hastsemester. Det arbeidast dette semesteret mot ei større førestilling. Førestillinga vil være mot slutten av skuleåret. Ekstra koreografiarbeid, øving og vektlegging av sceneuttrykk vil da bli en stor del av fokus siste halvdel av semesteret.

**Rutinar og innhald i undervisningstimane - Klassisk Ballett**

All danseundervisning blir gitt i dansesalen på kulturskulen/ Bryne skule på ettermiddag/kveldstid. Dansefaget er eit gruppefag, der elevene får undervisning i større grupper. Gruppene varierar i storleik, men ligg på i mellom 9 og 18 elever per gruppe. Alle danseelever skal hvert semester jobbe mot et mål. Hovedmålet vil være visninger og forestillinger av innøvde koreografier mot slutten av semesteret. Elevene skal også jobbe med å være bevisst egen utvikling, og få oppleve mestring av trinn og teknikk.

**Målsetting**

- Danseteknisk utvikling

- Kunstnarisk utvikling
- Utfordre seg sjølv
- Hente inspirasjon og rettleiing frå medelever
- Våge å kaste seg inn i ukjente terreng
- Lære seg ballettens språk og bevegelsesmønster

I ballettklassen er det viktig å jobbe med riktig kroppshaldning og fotarbeid heilt i frå første bevegelse, til siste.

Elevane gjennomfører innøvde oppvarmingsøvingar ved barren/senter. Det blir allereie her fokusert på teknikk, fotarbeid, haldning, plassering av armer, uttrykk og dynamikk.

Vidare står senterarbeid i fokus. Elevane utfører også her innøvde øvingar (trinn/kombinasjonar/hopp). Øvingane kan gjennomførast med alle elevene samla, eller inndelt i grupper. Deling i grupper er for publikumstrening, samt eiga utvikling ved å hente inspirasjon/rettleiing frå medelever.

Elevene arbeider deretter "over golv" i rette linjer/diagonalar med samansette trinn/hopp. Arbeid med improvisasjon blir brukt for dei yngre ballettelevene som en del av klassen. Alle ballettelevar vil i løpet av klassen jobbe med koreografi som øvast inn fram mot slutten av semesteret. Arbeid med trinn, uttrykk og publikumstrening for å forberede eleven på best mulig måte for scenen.

Styrke og rørsle-/bevegelighets-trening vil vera ein viktig del av ballettklassen.

### **Klassisk ballett 1**

#### ***Hastsemester:***

Fokus på teknikk. Rett bruk av kroppen og rett holdning. Det jobbes mye med fotarbeid, med ekstra vekt på turn-out.

Elevene får utforske sine kreative sider gjennom improvisasjon, eget arbeid, samarbeid og koreografioppgaver.

Innøving av koreografi som vises ved slutten av semesteret.

#### ***Vårsemester:***

Samme fokus som høstsemester. Det jobbes dette semesteret mot en større forestilling. Forestillingen vil være mot slutten av skoleåret. Ekstra koreografiarbeid, øving og vektlegging av sceneuttrykk vil da bli en stor del av fokus siste halvdel av semesteret.

### **Klassisk ballett 2**

#### ***Hautsemester:***

Fokus på teknikk. Særleg vektlegging av trening fotarbeid, med ekstra vekt på turn-out. Eleven si forståing av turn-out er no meir utvikla, noko som er viktig og grunnleggjande for alle trinn innan ballett- teknikk. Armen vil være i fokus, samt haldning, styrke og presisjon.

Målet for elevar på dette nivået er tåspiss. Arbeid med dette vert vektlagt i klassen.

#### ***Vårsemester:***

Same fokus som hastsemester. Arbeid fram mot ein større førestilling. Førestillinga vil vera mot slutten av skuleåret. Ekstra koreografiarbeid, øving og vektlegging av sceneuttrykk vil da bli en stor del av fokus siste halvdel av semesteret.

### **Tåspiss**

#### ***Hastsemester:***

Elevane arbeider med trinnkombinasjonar ved barren og i senter. Etter kvart arbeidast det med kombinasjonar over golv. Fokuset er på rett bruk av tåpiss-skoen, turn-out og kroppsholdning. Det øvast inn ein koreografi som skal synast fram mot slutten av semesteret.

**Vårsemester:**

Same fokus som haustsemesteret. Det arbeidast no mot ein større førestilling. Førestillinga vil vera mot slutten av skuleåret. Ekstra koreografiarbeid, øving og vektlegging av sceneuttrykk vil er ein stor del av fokus siste halvdel av semesteret.

**Alt her kan tas bort. Hip hop tilbudet er avsluttet:**

**Rutinar og innhald i undervisningstimen – Hip Hop**

**Målgruppe :** Danseelevar i kulturskulen - gitar

All danseundervisning blir gitt i dansesalen på kulturskulen/Bryne skule på ettermiddagstid. Hip hop er eit gruppefag der elevane får undervisning i større grupper. Gruppene varierer i storleik, men ligg på eit tal mellom 8 og 15 elevar per gruppe.

**Målsetting**

Hovudmålet vil vera framvisning av innøvd koreografi mot slutten av semesteret. Elevane skal også arbeide med å vera bevisst eiga utvikling. Alle skal få oppleve meistring av trinn og samansette kombinasjonar.

- Danseglede og meistring
- Oppleve, og ta del i egen utvikling
- Utfordre seg sjølv
- La kroppen lære seg å kjenne rytmen både på innsida og utsida
- Jobbe med personleg uttrykk/særeigenhet
- Jobbe med improvisasjon aleine og med andre

**Dansetimen**

I hip hop klassen er det viktig å til ein kvar tid oppretthalde ein avslappa stemning i rommet. Kvar og ein av elevane får jobbe med personleg uttrykk og eigen dansetil gjennom gjentakande rørsler og ulike kombinasjonar. Lærar legg opp til utforsking av eigen signatur på rørslemønster. Improvisasjon er ein viktig del av timen.

Gjennom allereie innlærte trinn og kombinasjonar øver elevane inn ein koreografi som skal synast frem mot slutten av semesteret.

Elevane får utforske eigen kreativitet og koreografiske evner der dei etter gitte rammer får sette saman små kombinasjonar i samarbeid med andre elevar i gruppa.



